



Statens vegvesen

Sjå adresseliste

Likelydande brev til grunneigarar og høyringsinstansar.

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
For Statens vegvesen:
Constrada AS v/ Paul Skarvåg

Vår referanse:
16/191656-2


Deres referanse:

Vår dato:
16.01.2017

Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse – Moldekleiv, gnr. 25 bnr. 170 m.fl.

Etter plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla at Statens vegvesen og vegeigar Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Meland kommune startar arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for «*Detaljregulering fv. 245 Fosse – Moldekleiv, gnr 25 bnr 170 m.fl.*», plan ID 1256 20160012.

Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken (NP), og er delprosjekt 3 på lista over prioriterte prosjekt. Planprosjektet skal og omfatte oppgradering av Fossekrysset (delprosjekt nr. 12 i NP).



Aktuell strekning merka med blått

Postadresse
ConStrada AS
v/Paul Skarsvåg
Nesttunvegen 102
5221 Nesttun

post@constrada.no

Plangrense til varsel om oppstart ligg føre på vedlagd kartutsnitt.

Planen skal leggje til rette for utbetring av delar av fv. 245, og etablering av gang- og sykkeltilbod på strekninga Fosse – Moldekleiv. Framlegget til plan vil og streve etter oppstramming og utbetring av avkøyrsløse og kryss langs heile strekninga og oppgradering av kollektivhaldeplassar. I tillegg vil ein i planarbeidet vurdere behov for anleggsbelte langs fylkesvegen, deponi for ubrukbare massar og mellombels riggområde i naudsynt grad. Planområdet er på ca. 700 dekar. Planen vil erstatte mykje av gjeldande reguleringsplan på strekninga; «REGULERINGSPLAN FV245 FRÅ HATLEBERGET TIL SKARPENESSET» frå 2009.

Merknadsfrist er sett til **17. februar 2017**. Eventuelle merknader eller opplysningar som bør leggjast til grunn for planlegginga, skal sendast til; **ConStrada AS v/ Paul Skarsvåg, Nesttunvegen 102, 5221 Nesttun**, eller på epost: post@constrada.no. Merknadar til planarbeidet må merkast med «*Detaljregulering fv. 245 Fosse – Moldekleiv, gnr 25 bnr 170 m.fl.*».

ConStrada AS v/ Paul Skarsvåg, telefon 48 35 48 00 vil og kunne gje utfyllande opplysningar om planarbeidet. Informasjon ligg og ute på <http://www.vegvesen.no/vegprosjekter>.

Planen medfører etter Statens vegvesen og kommunen sine førebelse vurderingar ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Det vert invitert til folkemøte 31. januar kl 18:30 på Meland rådhus.

Med hilsen
Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Eva-Beate Rundereim Torsvik
Planbestillar – Overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

VEDLEGG

Kartutsnitt plangrense til varsel om oppstart
Grunneigarliste
Høyringsinstansar